

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Sjukehusapoteka Vest

**DATO:** 16.11.16  
**SAKSHANDSAMAR:** Ola Rye, Kst. Administrerende direktør  
**SAKA GJELD:** **Sluttrapport utredning nasjonalt sjukehusapotekføretak**

**ARKIVSAK:**  
**STYRESAK:** 062/16

**STYREMØTE:** 17.11.2016

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret vil ikkje tilrå ein samanslåing på det noverande tidspunkt. Styret tilrår at det heller blir utgreia eit tredje alternativ der ein søker å realisera tiltak ein kan gjennomføre mellom regionane som kan gi gevinstar utan å gjennomføre ein samanslåing av apotekføretaka.

## Oppsummering

Det vert vist til sak 058/16 i styremøte den 9.nov 2016.

Det føreligg sluttrapport frå prosjekt «utredning av felles sykehusapotekforetak» (vedlegg1). Rapporten vart godkjent av styringsgruppa i prosjektet den 14.oktober i år. Prosessen vidare er at det vert gjennomført regionale forankringsrundar (vedlegg 2) før saka vert lagt fram for det nasjonale AD-møtet den 12. desember. Styret i Sjukehusapoteka Vest vert i denne saka bedne om å vedta ein uttale til Helse Vest som kan innarbeidast i ei samla tilbakemelding frå regionen til prosjektet. Utkast til uttale er vedlagt (vedlegg 3).

I utkast til uttale peikar styret på forhold som ein ynskjer vert vurdert i den vidare sakshandsaminga. Styret vil ikkje tilrå ein samanslåing på det noverande tidspunkt. Styret tilrår at det heller blir utgreia eit tredje alternativ der ein søker å realisera tiltak ein kan gjennomføre mellom regionane som kan gje gevinstar utan å gjennomføre ein samanslåing av apotekføretaka.

## Fakta

Styret vart orientert om arbeidet med utgreiing av eit nasjonalt sjukehusapotekføretak i styremøte den 30.august 2016 (sak 037/16). Sluttrapport frå utgreiinga (vedlegg 1) vart godkjent i styringsgruppa i prosjektet den 14.oktober i 2016.

Vidare prosess er at styringsgruppa i prosjektet legg fram saka for handsaming i nasjonalt AD møte den 12. desember i år. I førekant av handsaminga i AD-møtet ynskjer styringsgruppa å gjennomføre ein forankringsprosess i kvar region. Gjennomføring av forankringsprosessen er omtala i brev til helseregionane av 14. oktober (vedlegg 2). Dei regionale helseføretaka koordinerer forankringsrunda i kvar region og i Helse Vest har føretaka i regionen fått frist til 11. november med å kome med innspel som skal innarbeidast i ei samla tilbakemelding frå regionen.

Utredning og sluttrapport vart drøfta med dei tillitsvalde og vernetenesta i SAV 3. november i år. Drøftingsmøtet hadde følgjande kommentarar:

- Det fremstår noe uklart om en sammenslåing slik rapporten foreligger i dag vil gi økonomisk eller kvalitetsmessig gevinst. Fagforeningene forutsetter at det vil foreligge godt beslutningsgrunnlag for vurdering av om etablering av nasjonalt foretak vil gi måloppnåelse på målene bedre kvalitet og bedre økonomi.
  - Alle ansattrepresentanter understreket nødvendighet av å sikre god ivaretagelse av berørte ansatte, særlig ansatte i de sentrale administrasjonene
  - Alle ansattrepresentanter understreket nødvendighet av å tydeliggjøre gevinster, omstillingskostnader og estimert omstillingsperiode for gevinstrealisering ved med sammenslåing.
- Ansattrepresentantene understreket også viktigheten av god balanse regionalt/nasjonalt i en nasjonal modell.
  - Det er viktig å sikre desentral kapasitet og kompetanse og unngå de-rekruttering regionalt og opp-rekruttering sentralt.

- Innenfor de ulike Stabsområdene Fag, Økonomi og HR vil det være ulike behov for regional kapasitet. Både FHVO, NFF og FF/Parat trekker fram lokal kunnskap som avgjørende innen HR faget når det gjelder god lederstøtte og understreker viktigheten av at regional HR kompetanse og kapasitet opprettholdes i ny nasjonal modell. For stor avstand inne HR faget trekkes fram som risikofaktor. Viktighet av regionale samarbeidsfora (arbeidsgiver-ansattrepresentanter ) ble også understreket.

Samstundes med forankringsrunda gjennomfører administrerende direktør i kvart av dei fire sjukehusapotekføretaka ei forankring med styret i sitt føretak. I Sjukehusapoteka Vest starta forankringsrunda ved at utgreiinga var tema i styreseminar den 5. oktober i år. Forankringsrunda vert slutført ved at styret gjev ein uttale om prosjektet til Helse Vest RHF. Utkast til uttale er vedlagt (vedlegg 3).

I forankringsrunda er føretaka bedne om å gje innspel på to hovudtema;

*Korleis kan dei skisserte strategiske fokusområda sikre kundefokus, samt tett og god dialog med brukarane i eit nasjonalt helseføretak?*

*Korleis sikre at den tette integrasjonen og det gode samarbeidet mellom sjukeshusapoteka og helseføretak vert ivaretekne i ein nasjonal modell?*

I utkast til uttale frå styret vert det lagt vekt på følgjande som innspel til hovudtema;

- Sikring av lokale leveransar og tett samhandling med kvart sjukehus.
- Sikring av farmasikompetanse i regionen og nær sjukhusa.
- Auka krav til premisser for samhandling med-, og leveransar til, kvart sjukehus og at dette vert forankra i samarbeidsavtalar.
- Sikre at nasjonal samordning ikkje går på bekostning av regionale relasjonar, tillit og felles forståing.
- Vidareføre og styrkje sjukehusapoteka si rolle i den samla helsetenesta .

Styret tillet seg i tillegg peike på forhold som ein ynskjer vert teke opp til vurdering i den vidare sakshandsaminga;

- Pasienttryggleik, kvalitet og produktivitet må vere sentrale målområde for eventuell ny organisering.
- Utvikle tydelegare målbilde ut frå dei strategiske fokusområder som er peika ut.
- Vurdere korleis ein gjennom lokal kapasitet og kompetanse kan sikre tilfredstillande kvalitet på lokal støtte og leveransar til sjukehusa i ein nasjonal modell.
- Synleggjere tydelegare forvaltningsmodell og gevinst for IKT i eit nasjonalt føretak
- Analyse av nødvendige omstillingskostnader og finansiering av desse..
- Konkretisere gevinstar og realisering av desse ytterlegare.
- Tydeleggjere variasjon i kvalitet, tenester og finansiering mellom apotek og regionar slik at potensialet for standardisering kjem betre fram.

- Vurdere å auke risikovurdering i punktet «Dersom ledelsen i nasjonalt sykehusapotek HF sentraliseres ett sted og tas ut av dagens regionale møtearenaer, kan avstanden fra ledelse til sykehusene og RHF-ene oppleves som lang og samarbeidet med sykehusene og RHF-ene svekkes».

## Konklusjon

Styret vil ikkje tilrå ein samanslåing på det noverande tidspunkt. Styret tilrår at det heller blir utgreia eit tredje alternativ der ein søker å realisera tiltak ein kan gjennomføre mellom regionane som kan gje gevinstar utan å gjennomføre ein samanslåing av apotekføretaka. Styret ynskjer at dei at momenta som er nemnde i uttale til Helse Vest vert teke opp til vurdering i den vidare sakshandsaminga.

## Vedlegg ;

1. Sluttrapport utredning av nasjonalt sjukehusapotekføretak
2. Brev til helseregionane om regional forankring av leveranse frå prosjekt «Utredning av nasjonalt sykehusforetak».
3. Uttale til Helse Vest RHF i samband med utredning av nasjonalt sjukehusapotekføretak.